



Fiskereglar 2017

1. Fisketida er frå 15. juni til 15. august. Fiskedøgnet startar kl.18:00 på oppført dato og varer i 23 timar til neste dag kl. 17:00. Årets første fiskedøgn startar kl.00:00 og varer til kl.17:00 og årets siste fiskedøgn startar 18:00 og varer til 00:00.
2. Fiskeutstyr som er brukt i andre vassdrag skal desinfiserast før fisket startar. Etne camping har utstyr til dette. Ta med kvittering.
3. Det er berre tillate med stangfiske, og stanga skal ikkje forlatast som "sjølvfiskande". Det er berre lov å bruka sluk, floge, spinnar og mark. Ved bruk av mark skal krokstørrelsen vera minst 3/0. Fiskerettshavar på den enkelte sone kan forby bruk av mark.
4. P.g.a. smittefare er det ikkje lov å bruke slangesøkkje eller flytedobbe som er fylt med vatn.
5. Alle soner, med unntak av sone 1, har ein fangstkvote på 2 villaks pr. døgn og 1 sjøaure. Sone 1 har ein fangstkvote på 3 villaks pr. døgn og 1 sjøaure. Soner som vert fiska frå begge sider som motfiske, deler kvota likt seg imellom. Oppdrettslaks og regnbogaure vert ikkje rekna med og skal visast på fiskefella for kontroll og prøvetaking. Fisk under 40 cm og vinterstøingar skal straks setjast ut att i elva. Etter 15. juli skal all hofisk over 80 cm setjast ut att i elva. På sona er det ein "fang og slepp" kvote lik fangstknoten. Når fangstknoten er teken skal fisket opphøyra. Døgn/soneknoten kan berre nyttast på den sonen der fiskekortet gjeld.
6. Fiskaren pliktar å respektera gjeldande sonegrenser og det er forbode å fiska nedover og oppover på neste sone.
7. Fiskaren og dei han har med seg pliktar å respektera nærings- og brukarinteresser, m.a. ved ferdsle til og frå fiskeplass, rydda etter seg og bruka tilvist parkeringsplass.
8. Det er ikkje lov å setje opp telt utan løyve frå grunneigar.
9. Fiskekortet (faktura) lyder på namn og kan ikkje overdragast til andre utan samtykke frå kortseljlar. Kvittering på betalt fiskekort og fiskeravgift til staten skal visast på førespurnad.
10. Fangstrapporten som følgjer med fakturaen skal leverast til kortseljlar straks etter avslutta fiske. Dersom fangstrapporten ikkje vert levert innan fristen kan kortinnehavar straffast med eit gebyr. (EJFF praktiserer alltid eit gebyr på kr 200,-) Rapportering til laksebørs eller fangstskjema på sonen vert ikkje rekna som innlevert fangstrapport. Hugs å rapportera all gjenutsett fisk. Det skal takast skjellprøve av all fangst.
11. Kortseljlar pliktar å gjera fiskarane kjende med fiskereglane og å samla inn og rapportera fangstrapportane. Fiskaren pliktar å respektera gjeldande fiskereglar og brot på desse kan føra til bortvising utan rett til å få tilbakebetalt for fiskekortet.
12. Fylkesmannen og Etne elveigarlag kan etter midtsommarevalueringa kome med fangstbegrensande tiltak og som kan føre til endringar i desse fiskereglane som er fastsatt på årsmøtet i elveigarlaget. Herunder stenging av elva.

Skitt fiske !